

Helse- og omsorgsdepartementet
v/Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

04/687 - 822/06

Bjørg Sandal , 51 96 38 07

02.03.2006

Helse Førde HF - orientering

Ein viser til avtale om å oversende orientering om sakene som den siste tida har versert i media. Sakene er knytt til Helse Førde og gjeld uheldige møbelkjøp, tilsetjingar utan ordinær utlysing av stillingane og problemstillingar knytt til openheit i organisasjonen.

På bakgrunn av opplysningars som er komne fram i dei omfattande medieoppslaga den siste tida, bad Clara Øberg, styreleiar i Helse Førde, om ei skriftleg utgreiing frå administrerande direktør i Helse Førde. Seinare blei styret i Helse Førde kalla inn til ekstraordinært styremøte der alle styremedlemmene fekk den same framstillinga, presentert av Jon Bolstad. Styremøtet blei halde onsdag den 1. mars i Førde.

Styret gjorde følgjande vedtak:

1. Styret tek orienteringa frå administrerande direktør til etterretning.
2. Styret sluttar seg til vedlagde uttale knytt til dei aktuelle mediesakene.

Einstemming uttale frå styret i Helse Førde HF:

1. Styret tek til etterretning adm. direktør si orientering om innkjøp av møblar. Styret meiner at det burde vore kjøpt rimelegare møblar og er nøgd med at adm. direktør orsaka dette innkjøpet.
2. Styret tek til etterretning adm. direktør si orientering om tidlegare tilsettingssaker. Styret tek vidare til etterretning at adm. direktør ønskjer å vise større varsemd i personalsaker framover, og at ledige stillingar skal lysast ut.
3. Styret tek til etterretning adm. direktør si orientering om media sine påstandar om manglande openheit i Helse Førde. Styret er nøgd med at adm. direktør har sett i gang ein intern prosess i helseføretaket for å betre dette. Styret ber om å bli orientert.
4. Styret tek til etterretning orienteringa frå administrerande direktør om ortopediklinikken i Lærdal og tilsynssaka frå Helsetilsynet datert 17.02.2006. Styret legg til grunn at rettane til fritt sjukehusval vert følgde opp på alle punkt også ved ortopediklinikken i Lærdal.

I denne orienteringa gjer vi kort greie for innkjøp av møblar til kontor og møterom, dei omdiskuterte tilsetjingane samt openheitsdiskusjonen knytt til Helse Førde. For meir detaljert framstilling er orienteringa frå administrerande direktør i Helse Førde lagd ved.

1) Møblar

Helse Førde kjøpte i fjor haust inn møblar som er nytta på eit konferanserom (også nytta til styremøta i Helse Førde), kontoret til administrerande direktør, kontoret til sekretären hans samt til eit venteområde i korridoren.

Møblane kosta i underkant av 600.000 kroner. Kostnadene fordeler seg slik:

Kontor, administrerande direktør:

- Kontordel: kr 21 756,-.
- Møteromsdel: kr 83 008,-.
- Til saman: kr 104 764,-

Forkontor, sekretær::

- Kontordel: kr 25 013,-.
- Besøksmøblar: kr 20 918,-.
- Til saman: kr 45 931,-.

Arkiv, oppbevaring:

- Til saman: kr 49 479,-.

Stort møterom:

- Til saman: kr 217 378,-.

Ventesone, korridor:

- Til saman: kr 51 686,-.

SUM utan mva: kr 469 238,-.

2) Tilsetjingssakene

Det er ved fleire høve tilsett nye medarbeidrarar utan at stillingane er lyste ut på ordinær måte. Dette har også tidlegare blitt kritisert i media.

a) *Spesialrådgivar*:

Dette er ei prosjektstilling innanfor eit område der Helse Førde trong å styrke kompetansen. Stillings er tidsavgrensa til ut 2007.

Spesialrådgivaren har i dag ansvaret for å understøtte prosessane rundt styringssystem og rapportering (utvikle analyse og rapporteringsverktøy).

b) *Økonomidirektør (hausten 2004)*

Dåverande økonomidirektør var konstituert i stillinga som administrerande direktør og ein ekstern konsulent dekka økonomidirektørstillinga i ein periode. Då den eksterne konsulenten gikk over i eit anna oppdrag, var administrerande direktør si vurdering at det var kritisk å tilsetje ny økonomidirektør snarast. Ingen av dei tilsette i Helse Førde kunne konstituerast i stillinga som økonomidirektør.

Denne stillinga har ved tidlegare hove stått ledig svært lenge. Summen av desse faktorane gjorde at administrerande direktør informerte dei tillitsvalde om at det var ein kandidat som kunne tenkja seg å bli vurdert for stillinga. Det var openheit med dei tillitsvalde om at kandidaten var ein tidlegare kollega av administrerande direktør. Vedkommande vart intervjua av personaldirektør, økonomidirektør og føretakstillitsvalde. Tillitsvalde tilrådde at stillinga burde lysast ut.

Administrerande direktør har gjort greie for at Helse Førde har eit reglement der administrerande direktør er gitt hove til ikkje å lyse ut stillingar i spesielle tilfelle. På denne bakgrunn meiner administrerande direktør at han ikkje har brote regelverket.

Dåverande helse- og omsorgsminister svarte på spørsmål i Stortinget frå dåverande Stortingsrepresentant Heidi Grande Røys (14. september 2004).

c) *Organisasjons- og prosjektsjef* (mellombels ut 2007):

Organisasjons- og prosjektsjefen har ei toårig tilsetjingavtale. Han har ansvar for overordna prosjekt- og moderniseringsarbeid i Helse Førde.

I orienteringa administrerande direktør i Helse Førde har gitt til styret i Helse Førde vedgår han at støy og omsynet til omdømmet gjer at han i dag legg andre vurderingar til grunn. ”Min vurdering i dag er at god forvaltningspraksis tilseier breiare utlysing,” skriv Bolstad i orienteringa.

Helse Vest RHF og helseføretaka i regionen har retningslinjer som seier at alle ledige stillingar skal lysast ut. Dei gjeldande rutinane for tilsetjingar vart gjennomgått av Helse Vest på direktørermøtet i oktober 2004 og i personalforum i november same året.

3) Manglande openheit

Gjennom medieoppslag dei siste vekene har det kome fleire påstandar om manglande openheit i Helse Førde. Både media og politikarar har fortalt om anonyme tilsette som ikkje torer å snakke, i frykt for at dei skal miste arbeidet.

Helse Førde vedtok nyleg medieretningslinjer. Desse synest også å ha skapt eit inntrykk av at det er blitt vanskelegare for tilsette å uttale seg. Motivet for å utarbeide desse retningslinjene var å klargjere rettane og pliktene til slik uttale.

Administrerande direktør har difor invitert dei føretakstillitsvalde til å vere med på ein prosess for at ein i framtida kan lykkast betre på dette området.

Oppsummering:

Kvar for seg verkar dei nemnde sakene negativt inn på arbeidsmiljøet i Helse Førde samstundes som dei påverkar Helse Førde sitt omdømme på ein negativ måte. I sum er dei nemnde sakene svært uheldige for helseføretaket.

Administrerande direktør i Helse Førde ser sjølv at sakene er uheldige.

Helse Vest meiner at det var uklokt å kjøpe møblar til ein samla kostnad på nærare 600 000. Dette synspunktet gjeld generelt, men spesielt når den økonomiske situasjonen i helseføretaket er så vanskeleg som realiteten er. Helse Vest understrekar også at ledige stillingar skal lysast ut. Helse Vest ventar at Helse Førde i framtida legg til grunn sunne haldningar og ein robust praksis.

Helse Vest er nøgd med at styret i Helse Førde har teke sakene alvorleg. Både vedtaket og uttalen frå styremøtet den 1. mars viser at styret meiner at møbelkostnadene var for høge. Styret ventar også at framtidige ledige stillingar blir lyste ut, i tråd med gjeldande retningslinjer. Styret signaliserer vidare at diskusjonen rundt openheit er viktig og ber om at dei blir haldne orienterte om utviklinga.

Helse Vest meiner vedtaket og uttalen frå styret i Helse Førde vitnar om at styret vil følgje nøyne med i utviklinga. Helse Vest ser dette som eit klokt tiltak.

Arbeidet i spesialisthelsetenesta er tufta på at innbyggjarane skal ha tillit til utøvarane og ha sikkerheit for at vedtak og disponeringar er robuste og velfunderte. Dette er ein viktig bærebjelke i den offentlege helsetenesta. Grundige og kloke vurderingar må til dersom innbyggjarane skal ha tillit til at systemet gjer dei vurderingane - og fattar dei vedtaka - som er til beste for innbyggjarane.

Helsing

Herlof Nilssen
Administrerande direktør

Vedlegg: Orientering frå administrerande direktør Jon Bolstad, Helse Førde HF.